

Bioforsk Rapport

Bioforsk Report
Vol. 9 Nr. 2 (2014)

Fastsetting av normavlingar i eng

Anne Kjersti Bakken, Anne Langerud og Astrid Johansen
Bioforsk Midt-Norge

www.bioforsk.no





Hovedkontor/Head office
Frederik A. Dahls vei 20
N-1430 Ås
Tel.: (+47) 40 60 41 00
post@bioforsk.no

Bioforsk Midt-Norge
Kvitnær
7512 Stjørdal
Tel.: (+47) 40 60 41 00
anne.kjersti.bakken@bioforsk.no

| |
|---|
| <i>Tittel:</i> |
| Fastsetting av normavlingar i eng |
| <i>Forfattere:</i> |
| Anne Kjersti Bakken, Anne Langerud og Astrid Johansen |

| | | | |
|-----------------------------------|---------------------------------------|--------------------------------|------------------------------|
| <i>Dato:</i> 28. januar 2014 | <i>Tilgjengelighet:</i> Åpen | <i>Prosjekt nr.:</i> 130189 | <i>Saksnr.:</i> 2013/1004 |
| <i>Rapport nr.:</i> 9 (2)/2014 | <i>ISBN-nr.:</i> 978-82-17-01205-4 | <i>Antall sider:</i> 23 | <i>Antall vedlegg:</i> 2 |

| | |
|---|---|
| <i>Oppdragsgiver:</i> Statens Landbruksforvaltning | <i>Kontaktperson:</i> Randi Evju Schweigaard |
|---|---|

| | |
|--|--|
| <i>Stikkord:</i> Grasavlinger, grovfôravlinger, Norge | <i>Fagområde:</i> Grovfôr og kulturlandskap |
|--|--|

| |
|--|
| <i>Sammendrag:</i> <p>På oppdrag frå Statens Landbruksforvaltning har Bioforsk foreslått avlingar av grovfôr hausta frå fleirårig eng i eit vårmessig normalår i fire grupper av kommunar i Norge. Dette skulle tene som grunnlag for å endre forskrifta som regulerer utrekning av erstatning for avlingssvikt. Dei foreslalte normavlingane er baserte på modellsimulerte potensielle avlingar som stegvis har vorte justerte ned til forventa praksisavlingar. Simuleringane vart gjort på grunnlag av historiske klimadata frå Bioforsk-stasjonar, og alle norske kommunar vart så grupperte rundt og med utgangspunkt i resultat for desse stasjonane.</p> |
|--|

| |
|-----------------------|
| <i>Land:</i> Norge |
|-----------------------|

Godkjent

Erik Revdal

Prosjektleder

Anne Kjersti Bakken

Anne Kjersti Bakken

Innhold

| | | |
|-----|---|----|
| 1. | Definisjon og avgrensing av oppdraget | 3 |
| 2. | Framgangsmåte..... | 4 |
| 2.1 | Estimering av maksimalavling..... | 4 |
| 2.2 | Nedjustering av maksimalavling til nettoavling..... | 6 |
| 2.3 | Gruppering av alle norske kommunar..... | 8 |
| 3. | Normavlingar | 10 |
| 4. | Vurdering av resultatet | 11 |
| 5. | Referansar | 12 |
| | Vedlegg 1: Normavlingsgrupper for norske kommunar | 13 |
| | Vedlegg 2: Gjennomgang av tabellverket til «forskrift om satser for og beregning av erstatning ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjonen»..... | 20 |

1. Definisjon og avgrensing av oppdraget

Etter drøftingar om mulege framgangsmåtar, gav Statens landbruksforvaltning (SLF) Bioforsk i oppdrag å foreslå avlingar av grovfôr hausta frå fleirårig eng i eit vêrmessig normalår i alle kommunar i Norge. Dette skulle seinare utgjere ein del av grunnlaget for å endre forskrifta som regulerer utrekning av erstatning for avlingssvikt.

Avtalen var at dei estimerte normavlingane skulle baserast på utrekna potensielle avlingar som stegvis og etter ein gjennomsiktig og presist definert framgangsmåte vart justerte ned til forventa praksisavlingar. Oppdraget inkluderte ikkje å hente inn data og statistikk for kva som reelt har vorte hausta, konservert, lagra og føra i ulike regionar og kommunar over år.

Etter at oppdraget var utført, ønska SLF også at Bioforsk gjekk gjennom og eventuelt foreslo endringar i delar av tabellverket som følger forskrifta. Ei oppsummering av dette arbeidet vart lagt inn som eit vedlegg til rapporten.

2. Framgangsmåte

2.1 Estimering av maksimalavling

Bioforsks rådgivingsverktøy, «Grovfôrmodellen» (<http://www.vips-landbruk.no/models/mo1001s.jsp>) reknar ut ståande avling og fôrkvalitet i eng dag for dag gjennom heile vekstsesongen. Modellen kan i sanntid og for år som har gått, bruke vêrdata frå omtrent 80 klimastasjonar spreidde i dei viktigaste jordbruksområda i landet. For nokre stasjonar (Tabell 1) har ein så lange seriar av vêrdata at ein kan setje opp gjennomsnittsverdiar i normaldatasett. Til det som er presentert i denne rapporten er det brukt vêrdata for perioden 1995-2011 og jordtypen som er på gjeldande klimastasjonar.

Avlinga som ein oppnår innanfor ein vekstsesong, både målt i mengde tørrstoff og omsetjeleg energi (mjølkeforeiningar, FEm, Sundstøl & Ekern, 1992), avheng av når og kor mange gonger ein haustar. Vi har her kjørt modellen både med det vi har kalt ekstensivt og intensivt hausteregime. I det første har vi sagt at førsteslåtten vart tatt når enga hadde komme så langt i utvikling at energiinnhaldet var på 0,85 FEm/kg tørrstoff og at andreslått vart tatt når gjenveksten hadde nådd same energiverdi. Var det veksttid att mellom ein slik andreslått og 30. september, vart produksjonen i denne perioden lagt på årsavlinga som «beite» eller ein muleg tredjeslått. I det intensive regime vart førsteslått tatt når enga i følgje modellen hadde nådd 0,90 FEm/kg tørrstoff, andreslått deretter når energiverdien var på 0,85 FEm/kg tørrstoff og tredjeslåtten 30. september. Avlingane som slike hausteregime ville gi i normalåret, er presenterte i Tabell 1.

Ein har altså lagt til grunn at heile vekstsesongen og den tilsvarende potensielle produksjonen vart utnytta, sjølv om det sjeldan skjer i praksis. Dette fordi det ville vere vanskeleg å differensiere hautesystema etter stadspesifikk «vanleg praksis», og at ei slik justering neppe ville ha gitt eit rettare resultat enn den stiliserte framgangsmåten. På grunnlag av dei maksimale eller potensielle avlingane i to hautesystem på kvar av dei ti stasjonane, laga vi fire ulike maksimalavlingar som alle kommunane seinare skulle grupperast under. Den første (1) var på 1300 FEm/daa og år, den andre (2) på 1400 FEm/daa og år, den tredje (3) på 1500 FEm/daa og år og den fjerde (4) på 1600 FEm/daa år.

Tabell 1. Tørrstoffavling (Avl, kg/daa), energiinnhald i avlinga (FEm, føreiningar/kg tørrstoff) og energiavling (FEm-avl, føreiningar/daa) i enkeltslåttar og i sum for vekstsesongen i to ulike hautesystem i eit normalår (1995-2011) på ti ulike lokalitetar.

| Lokalitet | Ekstensiv hausting | | | | Intensiv hausting | | | |
|--------------------------|--------------------|------|------|---------|-------------------|------|-----|---------|
| | Dato | FEm | Avl | FEm-avl | Dato | FEm | Avl | FEm-avl |
| Apelsvoll Østre Toten | 21.jun | 0,85 | 963 | 819 | 13.jun | 0,90 | 753 | 678 |
| | 03.aug | 0,85 | 498 | 423 | 27.jul | 0,85 | 520 | 442 |
| | 30.sep | 0,86 | 327 | 281 | 30.sep | 0,82 | 392 | 321 |
| | Sum | | | 1523 | Sum | | | 1441 |
| | | | | | | | | |
| Fureneset Fjaler | 18.jun | 0,85 | 1032 | 877 | 09.jun | 0,90 | 806 | 725 |
| | 05.aug | 0,85 | 556 | 473 | 30.jul | 0,85 | 599 | 509 |
| | 30.sep | 0,84 | 288 | 242 | 30.sep | 0,81 | 333 | 270 |
| | Sum | | | 1592 | Sum | | | 1504 |
| | | | | | | | | |

| | | | | | | | | |
|------------------------|--------|------|------|---------|--------|------|------|---------|
| Holt Tromsø | Dato | FEm | Avl | FEm-avl | Dato | FEm | Avl | FEm-avl |
| | 15.jul | 0,85 | 841 | 715 | 07.jul | 0,90 | 654 | 589 |
| | 30.sep | 0,89 | 661 | 588 | 30.sep | 0,86 | 787 | 677 |
| | | | | 0 | | | | 0 |
| 1303 | | | | | | | 1265 | |
| Kvithamar Stjørdal | Dato | FEm | Avl | FEm-avl | Dato | FEm | Avl | FEm-avl |
| | 22.jun | 0,85 | 987 | 839 | 13.jun | 0,90 | 763 | 687 |
| | 06.aug | 0,85 | 518 | 440 | 31.jul | 0,85 | 543 | 462 |
| | 30.sep | 0,87 | 285 | 248 | 30.sep | 0,84 | 333 | 280 |
| 1527 | | | | | | | 1428 | |
| Landvik Grimstad | Dato | FEm | Avl | FEm-avl | Dato | FEm | Avl | FEm-avl |
| | 13.jun | 0,85 | 1020 | 867 | 06.jun | 0,90 | 830 | 747 |
| | 24.jul | 0,85 | 487 | 414 | 19.jul | 0,85 | 524 | 445 |
| | 30.sep | 0,73 | 479 | 350 | 30.sep | 0,70 | 530 | 371 |
| 1631 | | | | | | | 1563 | |
| Løken Øystre Slidre | Dato | FEm | Avl | FEm-avl | Dato | FEm | Avl | FEm-avl |
| | 04.jul | 0,85 | 870 | 740 | 27.jun | 0,90 | 722 | 650 |
| | 23.aug | 0,85 | 573 | 487 | 15.aug | 0,85 | 562 | 478 |
| | 30.sep | 1,01 | 130 | 131 | 30.sep | 0,98 | 184 | 180 |
| 1358 | | | | | | | 1308 | |
| Særheim Klepp | Dato | FEm | Avl | FEm-avl | Dato | FEm | Avl | FEm-avl |
| | 18.jun | 0,85 | 1007 | 856 | 09.jun | 0,90 | 786 | 707 |
| | 05.aug | 0,85 | 566 | 481 | 31.jul | 0,85 | 626 | 532 |
| | 30.sep | 0,83 | 321 | 266 | 30.sep | 0,81 | 361 | 292 |
| 1603 | | | | | | | 1532 | |
| Tjøtta Alstahaug | Dato | FEm | Avl | FEm-avl | Dato | FEm | Avl | FEm-avl |
| | 27.jun | 0,85 | 901 | 766 | 19.jun | 0,90 | 697 | 627 |
| | 15.aug | 0,85 | 567 | 482 | 08.aug | 0,85 | 581 | 494 |
| | Beite | 0,93 | 188 | 175 | 30.sep | 0,90 | 233 | 210 |
| 1423 | | | | | | | 1331 | |
| Vågønes Bodø | Dato | FEm | Avl | FEm-avl | Dato | FEm | Avl | FEm-avl |
| | 02.jul | 0,85 | 894 | 760 | 25.jun | 0,90 | 718 | 646 |
| | 23.aug | 0,85 | 593 | 504 | 16.aug | 0,85 | 598 | 508 |
| | 30.sep | 0,99 | 119 | 118 | 30.sep | 0,97 | 161 | 156 |
| 1382 | | | | | | | 1311 | |
| Ås Ås | Dato | FEm | Avl | FEm-avl | Dato | FEm | Avl | FEm-avl |
| | 16.jun | 0,85 | 988 | 840 | 10.jun | 0,90 | 799 | 719 |
| | 27.jul | 0,85 | 495 | 421 | 24.jul | 0,85 | 528 | 449 |
| | 30.sep | 0,80 | 432 | 346 | 30.sep | 0,78 | 468 | 365 |
| 1606 | | | | | | | 1533 | |

2.2 Nedjustering av maksimalavling til nettoavling

Maksimalavlingane som vart rekna ut gjennom modellkjøringar (Tabell 1), vart justerte ned til nettoavlingar stegvis ut frå tap på ulike postar spesifiserte i Tabell 2. Det ligg mykje skjønn til grunn for justeringane sidan det ikkje finst relevant statistikk eller forsking som dokumenter tapa i stor nok breidde geografisk og driftsmessig. Dei vil bli kommenterte post for post i det etterfølgjande.

Dei fleste tapspostane som er skildra og grunngjeve nedanfor, er fastsette til å vere andelsmessig like store i dei fire normavlingsgruppene (Tabell 2). Det er relevant å spørre om dette er rett og om ein burde ha differensiert tapsandelen etter kjennskap til regionale skilnader i naturgrunnlag, jordkvalitet og driftsmåte. Til dømes er det eldre eng i kommunar som soknar til gruppe 1 enn i kommunar plasserte i gruppe 3 (Tabell 3, Figur 1). Det kunne dermed ha vorte trekt frå relativt meir for gammal eng i den første enn i den andre.


Det einaste tapet vi har endt opp med å differensiere mellom grupper, er fråtrekket for «normal vinterskade». I kommunane som hører til i gruppe 1 og 2, vil det vere meir vanleg enn uvanleg at kondisjon og produksjonspotensial i enga er sett ned etter vinteren.

Fråtrekk for tap i attleggsår er lagt inn fordi den utrekna maksimalavlinga gjeld for ei etablert eng, medan attleggsåret gjerne er tatt med i avlingsstatistikk og opprekningar av årsavling per arealeining på enkeltbruk. Avlinga i attlegget er oftast lågare enn avlinga i engåra. Sjølv om det er stor skilnad i engalder (frekvens av attlegg) og attleggsmåte (med/utan og type dekkvekst) mellom regionar, har vi trekt frå lik andel (10 %) i alle gruppene.

Fråtrekk for lågare avling i gammal eng er lagt inn fordi avlingspotensialet går ned med alderen på enga (Nesheim 1986, Jørgensen 2007). Denne posten kunne for så vidt ha vorte lagt inn i posten «nedsett engkondisjon i praksisdrift», men er tatt ut som ein eigen sidan det er aktuelt å differensiere tapsandelen mellom regionar på grunnlag av statistikk (Figur 1). Vi har i første omgang valt å ikkje differensiere sidan det vil vere variasjonar mellom og innan kommunar som det krevst mykje arbeid å ta omsyn til på ein forsvarleg måte. Vi har gitt eit generelt fråtrekk på 10 % i alle gruppene.

Fråtrekk for innsnevring av vekstssesongen er lagt inn fordi ein i praksis sjeldan haustar all avling som full vekstssesong gir grunnlag for å produsere. I utrekninga av maksimalavling har vi lagt full utnytting til grunn (frå simulert vekststart til og med 30. september), og har valt å ta ned maksimalavlinga i full sesong med 10 % i alle gruppene.

Fråtrekk for vinterskade i normalåret er lagt inn fordi maksimalavlinga er rekna ut for ei eng som ikkje har vore meir enn svakt påkjend av vinterstress. I nokre område er streng vinter meir normalt enn unormalt, og vi har derfor lagt inn ein ekstra tapspost som kan fange opp dette. Ein kan innvende at det er slike ekstra tap som erstatningsordninga skal fange opp og at dei såleis ikkje skal ligge inne i normalen. Etter vår tolking skal erstatningsordninga fange opp det ekstraordinære og unormale, og der vintrane normalt er strenge, bør det ligge inne i normavlingane.



Figur 1. Fordeling av fylkesvis engareal etter alder

Fråtrekk for nedsett engkondisjon i praksisdrift er lagt inn for å dekke differansen ein veit er mellom avling ein oppnår i forsøk og på spesielt tilrettelagde og jamne registreringsareal på den eine sida og i praktisk jordbruksdrift på den andre, der det også inngår noko overflatedyrka eng. Modellen som reknar ut maksimalavlingane er utvikla og kalibrert med data som i stor grad er henta frå areal med låg kjørebelaustning, jamm gjødsling, god drenering og generelt god plante- og jordkultur. Davidson *et al.* (1967) er ofte sitert når ein diskuterer differansar mellom avlingar i forsøk og praksisdrift, og dei seier dei siste gjerne utgjer berre 60 % av dei første. Vi har trekt frå 25 % sidan dei andre tapspostane vi har estimert, dekker ein del av differansen.

Fråtrekk for svinn under hausting og ensilering er lagt inn fordi det er nettoavlingar etter slikt tap som gardbrukar held rekneskap for og eventuelt søker erstatning på grunnlag av. Denne tapsposten er også vanskeleg å estimere og varierer etter hausteteknikk, fortørkingsgrad og konserveringsmåte (Moe 2005, Abrahamson 2012). Tapa kan vere over 30 % av utgangstørrstoffet. Moe (2005) foreslår 15 % som eit gjennomsnitt.

Fråtrekk for svinn av ferdiggjæra surför under lagring og utföring er ikkje tatt med som tapspost på vegen frå maksimalavling til nettoavling. Ein skal likevel vere klar over at avlingsestimat på enkeltbruk i nokre samanhengar er basert på ei tilbakerekning til kva dyra reelt må ha tatt opp og utnytta gitt målt avdrått og kraftfør-forbruk (TINEs effektivitetskontroll, Walland & Hansen 2003). Mellom ferdig konservert og lagra formengde og opptatt før i dyra, ligg det eit visst fôrspill som gir lågare nettoavlingar enn dei vi har estimert her.


2.3 Gruppering av alle norske kommunar

Skilnaden mellom høgaste og lågaste maksimalavling for dei ti stasjonane modellen vart køyrt mot, var på ca. 300 FEm/daa både for det vi har kalt ekstensivt og intensivt hausteregime (Tabell 1). Vi fann ut at det ikkje gav meinings å bruke så mykje som ti grupper når intervalla kvar av dei kome til å dekke, ville bli under 50 FEm/daa. Vi foreslår derfor å bruke berre fire grupper med maksimalavlingar som presenterte i Tabell 2.

Plasseringa av alle norske kommunar i desse gruppene (Vedlegg 1) er gjort med skjønn ut frå gjennomsnittstemperaturen i perioden april-september (1955-2000). Temperaturdata på GIS-plattform vart henta frå <http://www.worldclim.org/download> (Figur 2) og lagt på eit norsk kommunekart frå Statens Kartverk (kartverket.no), "ADM_enheter_Norge.sos" (Grensedata_Norge_UTM33_Adm_enheter_SOSI). Oppløysinga i kartet var langt høgare enn det ein ser i Figur 2.

Referansen for plasseringa gitt i Vedlegg 1, var kartet sin temperaturprofil for kommunane Tromsø (stasjon Holt, Gruppe 1), Bodø, Øystre Slidre og Alstahaug (stasjonane Vågønes, Løken og Tjøtta, Gruppe 2), Stjørdal, Østre Toten, Fjaler (stasjonane Kvithamar, Apelsvoll, Fureneset, Gruppe 3) og Klepp, Grimstad og Ås (stasjonane Særheim, Landvik og Ås, Gruppe 4).

I tillegg har vi brukt kartverket Arealressurser - AR250 (Skog og Landskap) for å sjå kor dyrkjorda i ulike kommunar ligg innanfor normaltemperaturlandskapet som vart framstilt i karta nemnde over.



Figur 2. Middeltemperatur ($^{\circ}\text{C} \times 10$) for perioden april-september (1955-2000) i Norge.

3. Normavlingar

Tabell 2. Foreslätte nettoavlingar (FEm/daa) for fleirårig eng for fire grupper av norske kommunar.

| | Gruppe 1 | | Gruppe 2 | | Gruppe 3 | | Gruppe 4 | |
|--|----------|-------------|----------|-------------|----------|-------------|----------|-------------|
| | Tap % | FEm/ daa |
| Maksimalavling | | 1300 | | 1400 | | 1500 | | 1600 |
| Fråtrekk for tap i attleggsår | 10 | 130 | 10 | 140 | 10 | 150 | 10 | 160 |
| Fråtrekk for gammal eng | 10 | 130 | 10 | 140 | 10 | 150 | 10 | 160 |
| Fråtrekk for innsnevring av vekstsesong i høve til modellkøyring | 10 | 130 | 10 | 140 | 10 | 150 | 10 | 160 |
| Fråtrekk for overvintringsskade i normalåret | 15 | 195 | 10 | 140 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Fråtrekk for nedsett engkondisjon i praksisdrift | 25 | 325 | 25 | 350 | 25 | 375 | 25 | 400 |
| Avling ståande eng | | 390 | | 490 | | 675 | | 720 |
| Fråtrekk for svinn under hausting og ensilering | 20 | 78 | 20 | 98 | 20 | 135 | 20 | 144 |
| Nettoavling | | 310 | | 390 | | 540 | | 580 |

Nettoavlinga i tabellen er å forstå som normavling, og vil svare til den avlinga som i «forskrift om erstatning for avlingssvikt» blir nemnd som gjennomsnittsavling. Denne normavlinga vil bli brukt som samanlikningsgrunnlag for avlinga i skadeåret. Målepunktet for avlinga i skadeåret er fôrlageret hos gjeldande gardbrukar. Etter oppmåling av lageret, skal ein korrigere for eventuelt seld fôr og for utrekna fôropptak gjennom nullbeiting og beiting på grovfôrarealet.

4. Vurdering av resultatet

Statistisk Sentralbyrå oppgir fylkesvise normalavlingar for perioden 2000-2010 i kg tørrstoff per daa, og er gjengitt i NILF sin statistikk (Terefe *et al.* 2013). Avlingane varierer frå 332 kg /daa for Finnmark til 728 kg /daa for Østfold. Reknar vi med eit energiinnhald på 0,85 FEm/kg tørrstoff, blir tilsvarande variasjonsbreidde 280-620 FEm/daa. Gjennomsnittet for fôr til mjølkeku ligg gjerne så høgt som 0,85 FEm/kg tørrstoff, men tar ein med grovfôret til alle dyregrupper, kan gjennomsnittet lik så gjerne vere på 0,80 FEm/kg tørrstoff. Variasjonsbreidda i følgje SSB sin statistikk blir i så fall frå 270 til 580 FEm/daa.

Driftsgranskningane i jordbruksfôret som NILF gjennomfører

(http://www.nilf.no/statistikk/Driftsgranskinger/2011/driftsgranskinger_i_jordbruksforet_2011) måler volum grovfôr på eit utval bruk årleg, men NILF måler ikkje tørrstoffinhald og energiverdi i føret. Om ein ser på gjennomsnittlege grovfôravlingar for perioden 2009-2011 i dei åtte regionane som NILF grupperer etter, er variasjonsbreidda 250-450 FEm/daa (Tabell 3).

Våre estimat for nettoavlingar i normalåret er noko høgare enn tilsvarande i statistikken til NILF for dei tre åra 2009-2011. Differansen mellom høgaste og lågaste avling er også noko større (270 i Tabell 2 mot 200 FEm/daa i NILF sin statistikk i Tabell 3).

Tabell 3. Grovfôravlingar registrert i driftsgranskningane til NILF.

| Region | | Avling, FEm/daa | | | |
|-------------------|--------------|-----------------|------|------|--------------|
| | | 2009 | 2010 | 2011 | Gjennomsnitt |
| Nord-Noreg | | 260 | 227 | 259 | 249 |
| Agder og Rogaland | Andre bygder | 325 | 299 | 298 | 307 |
| Austlandet | Andre bygder | 333 | 309 | 310 | 317 |
| Vestlandet | | 338 | 317 | 319 | 325 |
| Trøndelag | Andre bygder | 368 | 341 | 354 | 354 |
| Austlandet | Flatbygder | 384 | 390 | 375 | 383 |
| Trøndelag | Flatbygder | 433 | 419 | 407 | 420 |
| Agder og Rogaland | Jæren | 463 | 438 | 440 | 447 |

5. Referansar

Abrahamson, L. 2012. Förluster i olika ensileringssystem. Examensarbete/SLU. Institutionen för husdjurens utfodring och vård, 402.

Bakken, A.K. & Langerud, A. 2012. To eller tre slätter. BUSKAP 64 (4): 76-78.

Davidson, B.R., Martin, B.R. & Mauldon, R.G. 1967. The application of experimental research to farm production. J. Farm Econ. 49: 900-907.

Jørgensen, M. 2007. Effekt av omløp og gjødsling på avling, fôrqualitet og jord. Bioforsk FOKUS 2(7): 11-15.

Moe, M. 2005. Tap under ensileringa. I: Surfôrboka, s. 134-139. Landbruksforlaget, Tun Forlag AS, Oslo.

Nesheim, L. 1986. A grassland survey i Nordland, North Norway III. Feed quality parameters and yield. Meldinger fra Norges Landbrukshøgskole 65 (20): 1-49.

Sundstøl, F. & Ekern, A. 1992. Det nye energivurderingssystemet for drøvtyggere (FEm-systemet) og nye energinormer. I: Husdyrforsøksmøtet, Norges Landbrukshøgskole 24.-26. mars1992., Faginfo nr. 13/1992, s. 545-552. Statens fagtjeneste for landbruket.

Terefe, H.A., Ring, P.H. & Hjukse O. 2013. Melding om årsveksten 2012. Normalårsavlinger og registrerte avlinger. NOTAT 2013-11. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning. Oslo.

Walland, F. & Hansen, B.G. 2003. The Norwegian Efficiency Control. EFITA 2003 Conference, pp. 431-438. 5-9 July Debrecen, Hungary.

Vedlegg 1: Normavlingsgrupper for norske kommunar

| Kommune nr | Kommune | Gruppe |
|----------------|-------------|--------|
| Østfold | | |
| 101 | Halden | 4 |
| 104 | Moss | 4 |
| 105 | Sarpsborg | 4 |
| 106 | Fredrikstad | 4 |
| 111 | Hvaler | 4 |
| 118 | Aremark | 4 |
| 119 | Marker | 4 |
| 121 | Rømskog | 4 |
| 122 | Trøgstad | 4 |
| 123 | Spydeberg | 4 |
| 124 | Askim | 4 |
| 125 | Eidsberg | 4 |
| 127 | Skiptvet | 4 |
| 128 | Rakkestad | 4 |
| 135 | Råde | 4 |
| 136 | Rygge | 4 |
| 137 | Våler | 4 |
| 138 | Hobøl | 4 |
| Hedmark | | |
| 402 | Kongsvinger | 3 |
| 403 | Hamar | 3 |
| 412 | Ringsaker | 3 |
| 415 | Løten | 3 |
| 417 | Stange | 3 |
| 418 | Nord-Odal | 3 |
| 419 | Sør-Odal | 3 |
| 420 | Eidskog | 3 |
| 423 | Grue | 3 |
| 425 | Åsnes | 3 |
| 426 | Våler | 3 |
| 427 | Elverum | 3 |
| 428 | Trysil | 2 |
| 429 | Åmot | 2 |
| 430 | Stor-Elvdal | 2 |
| 432 | Rendalen | 2 |
| 434 | Engerdal | 2 |
| 436 | Tolga | 2 |
| 437 | Tynset | 2 |
| 438 | Alvdal | 2 |
| 439 | Folldal | 2 |
| 441 | Os | 2 |

| Kommune nr | Kommune | Gruppe |
|------------|----------------|--------|
| 211 | Vestby | 4 |
| 213 | Ski | 4 |
| 214 | Ås | 4 |
| 215 | Frogner | 4 |
| 216 | Nesodden | 4 |
| 217 | Oppegård | 4 |
| 219 | Bærum | 4 |
| 220 | Asker | 4 |
| 221 | Aurskog-Høland | 4 |
| 226 | Sørum | 4 |
| 227 | Fet | 4 |
| 228 | Rælingen | 4 |
| 229 | Enebakk | 4 |
| 230 | Lørenskog | 4 |
| 231 | Skedsmo | 4 |
| 233 | Nittedal | 3 |
| 234 | Gjerdrum | 3 |
| 235 | Ullensaker | 4 |
| 236 | Nes | 4 |
| 237 | Eidsvoll | 4 |
| 238 | Nannestad | 3 |
| 239 | Hurdal | 3 |
| 301 | Oslo | 4 |

| Kommune nr | Kommune | Gruppe |
|------------|---------------|--------|
| Oppland | | |
| 501 | Lillehammer | 3 |
| 502 | Gjøvik | 3 |
| 511 | Dovre | 2 |
| 512 | Lesja | 2 |
| 513 | Skjåk | 2 |
| 514 | Lom | 2 |
| 515 | Vågå | 2 |
| 516 | Nord-Fron | 2 |
| 517 | Sel | 3 |
| 519 | Sør-Fron | 3 |
| 520 | Ringebu | 3 |
| 521 | Øyer | 3 |
| 522 | Gausdal | 2 |
| 528 | Østre Toten | 3 |
| 529 | Vestre Toten | 3 |
| 532 | Jevnaker | 3 |
| 533 | Lunner | 3 |
| 534 | Gran | 3 |
| 536 | Søndre Land | 3 |
| 538 | Nordre Land | 3 |
| 540 | Sør-Aurdal | 3 |
| 541 | Etnedal | 2 |
| 542 | Nord-Aurdal | 2 |
| 543 | Vestre Slidre | 2 |
| 544 | Øystre Slidre | 2 |
| 545 | Vang | 2 |
| Telemark | | |
| 805 | Porsgrunn | 4 |
| 806 | Skien | 3 |
| 807 | Notodden | 3 |
| 811 | Siljan | 3 |
| 814 | Bamble | 4 |
| 815 | Kragerø | 4 |
| 817 | Drangedal | 3 |
| 819 | Nome | 3 |
| 821 | Bø | 3 |
| 822 | Sauherad | 3 |
| 826 | Tinn | 2 |
| 827 | Hjartdal | 2 |
| 828 | Seljord | 2 |
| 829 | Kviteseid | 3 |
| 830 | Nissedal | 2 |
| 831 | Fyresdal | 2 |
| 833 | Tokke | 2 |
| 834 | Vinje | 2 |

| Kommune nr | Kommune | Gruppe |
|------------|---------------|--------|
| Buskerud | | |
| 602 | Drammen | 4 |
| 604 | Kongsberg | 3 |
| 605 | Ringerike | 3 |
| 612 | Hole | 3 |
| 615 | Flå | 3 |
| 616 | Nes | 2 |
| 617 | Gol | 2 |
| 618 | Hemsedal | 2 |
| 619 | Ål | 2 |
| 620 | Hol | 2 |
| 621 | Sigdal | 3 |
| 622 | Krødsherad | 3 |
| 623 | Modum | 3 |
| 624 | Øvre Eiker | 3 |
| 625 | Nedre Eiker | 3 |
| 626 | Lier | 3 |
| 627 | Røyken | 4 |
| 628 | Hurum | 4 |
| 631 | Flesberg | 3 |
| 632 | Rollag | 2 |
| 633 | Nore og Uvdal | 2 |
| Vestfold | | |
| 701 | Horten | 4 |
| 702 | Holmestrand | 4 |
| 704 | Tønsberg | 4 |
| 706 | Sandefjord | 4 |
| 709 | Larvik | 4 |
| 711 | Svelvik | 4 |
| 713 | Sande | 3 |
| 714 | Hof | 3 |
| 716 | Re | 4 |
| 719 | Andebu | 4 |
| 720 | Stokke | 4 |
| 722 | Nøtterøy | 4 |
| 723 | Tjøme | 4 |
| 728 | Lardal | 3 |

| Kommune nr | Kommune | Gruppe |
|------------|-----------------|--------|
| Aust-Agder | | |
| 901 | Risør | 4 |
| 904 | Grimstad | 4 |
| 906 | Arendal | 4 |
| 911 | Gjerstad | 3 |
| 912 | Vegårshei | 3 |
| 914 | Tvedstrand | 4 |
| 919 | Froland | 3 |
| 926 | Lillesand | 4 |
| 928 | Birkenes | 3 |
| 929 | Åmli | 3 |
| 935 | Iveland | 3 |
| 937 | Evje og Hornnes | 3 |
| 938 | Bygland | 3 |
| 940 | Valle | 2 |
| 941 | Bykle | 2 |
| Vest-Agder | | |
| 1001 | Kristiansand | 4 |
| 1002 | Mandal | 4 |
| 1003 | Farsund | 4 |
| 1004 | Flekkefjord | 4 |
| 1014 | Vennesla | 3 |
| 1017 | Songdalen | 3 |
| 1018 | Søgne | 4 |
| 1021 | Marnardal | 3 |
| 1026 | Åseral | 3 |
| 1027 | Audnedal | 3 |
| 1029 | Lindesnes | 4 |
| 1032 | Lyngdal | 4 |
| 1034 | Hægebostad | 3 |
| 1037 | Kvinesdal | 3 |
| 1046 | Sirdal | 3 |

| Kommune nr | Kommune | Gruppe |
|------------|------------|--------|
| Rogaland | | |
| 1101 | Eigersund | 4 |
| 1102 | Sandnes | 4 |
| 1103 | Stavanger | 4 |
| 1106 | Haugesund | 4 |
| 1111 | Sokndal | 4 |
| 1112 | Lund | 3 |
| 1114 | Bjerkreim | 3 |
| 1119 | Hå | 4 |
| 1120 | Klepp | 4 |
| 1121 | Time | 4 |
| 1122 | Gjesdal | 3 |
| 1124 | Sola | 4 |
| 1127 | Randaberg | 4 |
| 1129 | Forsand | 3 |
| 1130 | Strand | 3 |
| 1133 | Hjelmeland | 3 |
| 1134 | Suldal | 3 |
| 1135 | Sauda | 3 |
| 1141 | Finnøy | 4 |
| 1142 | Rennesøy | 4 |
| 1144 | Kvitsøy | 4 |
| 1145 | Bokn | 4 |
| 1146 | Tysvær | 4 |
| 1149 | Karmøy | 4 |
| 1151 | Utsira | 4 |
| 1160 | Vindafjord | 4 |

| Kommune nr | Kommune | Gruppe |
|------------|------------|--------|
| Hordaland | | |
| 1201 | Bergen | 3 |
| 1211 | Etne | 3 |
| 1216 | Sveio | 3 |
| 1219 | Bømlo | 3 |
| 1221 | Stord | 3 |
| 1222 | Fitjar | 3 |
| 1223 | Tysnes | 3 |
| 1224 | Kvinnherad | 3 |
| 1227 | Jondal | 3 |
| 1228 | Odda | 3 |
| 1231 | Ullensvang | 3 |
| 1232 | Eidfjord | 3 |
| 1233 | Ulvik | 3 |
| 1234 | Granvin | 3 |
| 1235 | Voss | 3 |
| 1238 | Kvam | 3 |
| 1241 | Fusa | 3 |
| 1242 | Samnanger | 3 |
| 1243 | Os | 3 |
| 1244 | Austevoll | 3 |
| 1245 | Sund | 3 |
| 1246 | Fjell | 3 |
| 1247 | Askøy | 3 |
| 1251 | Vaksdal | 3 |
| 1252 | Modalen | 3 |
| 1253 | Osterøy | 3 |
| 1256 | Meland | 3 |
| 1259 | Øygarden | 3 |
| 1260 | Radøy | 3 |
| 1263 | Lindås | 3 |
| 1264 | Austrheim | 3 |
| 1265 | Fedje | 3 |
| 1266 | Masfjorden | 3 |

| Kommune nr | Kommune | Gruppe |
|------------------|------------|--------|
| Sogn og Fjordane | | |
| 1401 | Flora | 3 |
| 1411 | Gulen | 3 |
| 1412 | Solund | 3 |
| 1413 | Hyllestad | 3 |
| 1416 | Høyanger | 3 |
| 1417 | Vik | 3 |
| 1418 | Balestrand | 3 |
| 1419 | Leikanger | 3 |
| 1420 | Sogndal | 3 |
| 1421 | Aurland | 3 |
| 1422 | Lærdal | 3 |
| 1424 | Årdal | 3 |
| 1426 | Luster | 3 |
| 1428 | Askvoll | 3 |
| 1429 | Fjaler | 3 |
| 1430 | Gaular | 3 |
| 1431 | Jølster | 3 |
| 1432 | Førde | 3 |
| 1433 | Naustdal | 3 |
| 1438 | Bremanger | 3 |
| 1439 | Vågsøy | 3 |
| 1441 | Selje | 3 |
| 1443 | Eid | 3 |
| 1444 | Hornindal | 3 |
| 1445 | Gloppen | 3 |
| 1449 | Stryn | 3 |

| Kommune nr | Kommune | Gruppe |
|-----------------|--------------|--------|
| Møre og Romsdal | | |
| 1502 | Molde | 3 |
| 1504 | Ålesund | 3 |
| 1505 | Kristiansund | 3 |
| 1511 | Vanylven | 3 |
| 1514 | Sande | 3 |
| 1515 | Herøy | 3 |
| 1516 | Ulstein | 3 |
| 1517 | Hareid | 3 |
| 1519 | Volda | 3 |
| 1520 | Ørsta | 3 |
| 1523 | Ørskog | 3 |
| 1524 | Norddal | 3 |
| 1525 | Stranda | 3 |
| 1526 | Stordal | 3 |
| 1528 | Sykylven | 3 |
| 1529 | Skodje | 3 |
| 1531 | Sula | 3 |
| 1532 | Giske | 3 |
| 1534 | Haram | 3 |
| 1535 | Vestnes | 3 |
| 1539 | Rauma | 3 |
| 1543 | Nesset | 3 |
| 1545 | Midsund | 3 |
| 1546 | Sandøy | 3 |
| 1547 | Aukra | 3 |
| 1548 | Fræna | 3 |
| 1551 | Eide | 3 |
| 1554 | Averøy | 3 |
| 1557 | Gjemnes | 3 |
| 1560 | Tingvoll | 3 |
| 1563 | Sunndal | 3 |
| 1566 | Surnadal | 3 |
| 1567 | Rindal | 2 |
| 1571 | Halsa | 3 |
| 1573 | Smøla | 3 |
| 1576 | Aure | 3 |

| Kommune nr | Kommune | Gruppe |
|---------------|----------------|--------|
| Sør-Trøndelag | | |
| 1601 | Trondheim | 3 |
| 1612 | Hemne | 3 |
| 1613 | Snillfjord | 3 |
| 1617 | Hitra | 3 |
| 1620 | Froya | 3 |
| 1621 | Ørland | 3 |
| 1622 | Agdenes | 3 |
| 1624 | Rissa | 3 |
| 1627 | Bjugn | 3 |
| 1630 | Åfjord | 2 |
| 1632 | Roan | 2 |
| 1633 | Osen | 2 |
| 1634 | Oppdal | 2 |
| 1635 | Rennebu | 2 |
| 1636 | Meldal | 2 |
| 1638 | Orkdal | 3 |
| 1640 | Røros | 2 |
| 1644 | Holtålen | 2 |
| 1648 | Midtre Gauldal | 3 |
| 1653 | Melhus | 3 |
| 1657 | Skaun | 3 |
| 1662 | Klæbu | 3 |
| 1663 | Malvik | 3 |
| 1664 | Selbu | 3 |
| 1665 | Tydal | 2 |

| Kommune nr | Kommune | Gruppe |
|----------------|------------|--------|
| Nord-Trøndelag | | |
| 1702 | Steinkjer | 3 |
| 1703 | Namsos | 3 |
| 1711 | Meråker | 2 |
| 1714 | Stjørdal | 3 |
| 1717 | Frosta | 3 |
| 1718 | Leksvik | 3 |
| 1719 | Levanger | 3 |
| 1721 | Verdal | 3 |
| 1724 | Verran | 3 |
| 1725 | Namdalseid | 3 |
| 1736 | Snåsa | 3 |
| 1738 | Lierne | 2 |
| 1739 | Røyrvik | 2 |
| 1740 | Namsskogan | 2 |
| 1742 | Grong | 3 |
| 1743 | Høylandet | 3 |
| 1744 | Overhalla | 3 |
| 1748 | Fosnes | 3 |
| 1749 | Flatanger | 2 |
| 1750 | Vikna | 3 |
| 1751 | Nærøy | 3 |
| 1755 | Leka | 3 |
| 1756 | Inderøy | 3 |

| Kommune nr | Kommune | Gruppe |
|------------|--------------|--------|
| Nordland | | |
| 1804 | Bodø | 2 |
| 1805 | Narvik | 2 |
| 1811 | Bindal | 3 |
| 1812 | Sømna | 3 |
| 1813 | Brønnøy | 3 |
| 1815 | Vega | 2 |
| 1816 | Vevelstad | 2 |
| 1818 | Herøy | 2 |
| 1820 | Alstahaug | 2 |
| 1822 | Leirfjord | 2 |
| 1824 | Vefsn | 2 |
| 1825 | Grane | 2 |
| 1826 | Hattfjelldal | 2 |
| 1827 | Dønna | 2 |
| 1828 | Nesna | 2 |
| 1832 | Hemnes | 2 |
| 1833 | Rana | 2 |
| 1834 | Lurøy | 2 |
| 1835 | Træna | 2 |
| 1836 | Rødøy | 2 |
| 1837 | Meløy | 2 |
| 1838 | Gildeskål | 2 |
| 1839 | Beiarn | 2 |
| 1840 | Saltdal | 2 |
| 1841 | Fauske | 2 |
| 1845 | Sørfold | 2 |
| 1848 | Steigen | 2 |
| 1849 | Hamarøy | 2 |
| 1850 | Tysfjord | 2 |
| 1851 | Lødingen | 2 |
| 1852 | Tjeldsund | 2 |
| 1853 | Evenes | 2 |
| 1854 | Ballangen | 2 |
| 1857 | Værøy | 2 |
| 1859 | Flakstad | 2 |
| 1860 | Vestvågøy | 2 |
| 1865 | Vågan | 2 |
| 1866 | Hadsel | 2 |
| 1867 | Bø | 2 |
| 1868 | Øksnes | 2 |
| 1870 | Sortland | 2 |
| 1871 | Andøy | 2 |
| 1874 | Moskenes | 2 |

| Kommune nr | Kommune | Gruppe |
|------------|-----------|--------|
| Troms | | |
| 1902 | Tromsø | 1 |
| 1903 | Harstad | 2 |
| 1911 | Kvæfjord | 2 |
| 1913 | Skånland | 2 |
| 1917 | Ibestad | 2 |
| 1919 | Gratangen | 2 |
| 1920 | Lavangen | 1 |
| 1922 | Bardu | 1 |
| 1923 | Salangen | 2 |
| 1924 | Målselv | 2 |
| 1925 | Sørreisa | 2 |
| 1926 | Dyrøy | 2 |
| 1927 | Tranøy | 2 |
| 1928 | Torsken | 1 |
| 1929 | Berg | 1 |
| 1931 | Lenvik | 2 |
| 1933 | Balsfjord | 1 |
| 1936 | Karlsøy | 1 |
| 1938 | Lyngen | 1 |
| 1939 | Storfjord | 1 |
| 1940 | Kåfjord | 1 |
| 1941 | Skjervøy | 1 |
| 1942 | Nordreisa | 1 |
| 1943 | Kvænangen | 1 |

| Kommune nr | Kommune | Gruppe |
|------------|--------------|--------|
| Finnmark | | |
| 2002 | Vardø | 1 |
| 2003 | Vadsø | 1 |
| 2004 | Hammerfest | 1 |
| 2011 | Kautokeino | 1 |
| 2012 | Alta | 1 |
| 2014 | Loppa | 1 |
| 2015 | Hasvik | 1 |
| 2017 | Kvalsund | 1 |
| 2018 | Måsøy | 1 |
| 2019 | Nordkapp | 1 |
| 2020 | Porsanger | 1 |
| 2021 | Karasjok | 1 |
| 2022 | Lebesby | 1 |
| 2023 | Gamvik | 1 |
| 2024 | Berlevåg | 1 |
| 2025 | Tana | 1 |
| 2027 | Nesseby | 1 |
| 2028 | Båtsfjord | 1 |
| 2030 | Sør-Varanger | 1 |

Vedlegg 2: Gjennomgang av tabellverket til «forskrift om satser for og beregning av erstatning ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjonen»

Tabell 1: Omregningstabell for beregning av fôr på lager

Oppmåling av grassilo

Vi (Bioforsk) har brukt TINE sin statistikk over surförprøver analysert hos Eurofins Norge i perioden 2010-2012 (Tine 2010, 2011, 2012) i gjennomgangen av SLFs gjeldande tabellverk. Dette viser at gjennomsnittleg TS-innhald i «vanleg» surför ligg på godt og vel 25%. Statistikken gjeld prøver fra norske mjølkeprodusentar. Vidare er det undersøkingar som gir indikasjonar på at volumvekta av surforet i plan- og tårnsiloar ikkje berre er avhengig av høgda, men også av graden av finsnitting, samt vekta på traktoren og tida som blir bruk til pakking (plansiloar) (Haug 1995, Kval-Engstad, O. pers. kommunikasjon).

Vår vurdering er at denne statistikken ikkje tilseier at det er behov for å foreslå endringar i utrekningane på desse postane, blant anna fordi statistikken frå TINE berre gjeld mjølkeproduksjonsbruk.

Rundballar

På same måte som for plan- og tårnsiloar, viser TINE sin statistikk høgare gjennomsnittleg TS-innhald for rundballeensilasje (ca. 30%) enn det SLF i dag legg til grunn (25%). Vi synest likevel det er vanskeleg å tilrå ein auke i normert TS-innhald i rundballar. For vekt og volum av rundballar vil vi derimot foreslå endringar ut frå utvikling i kapasitet på rundballepressene dei siste åra (Degerdal *et al.* 2010).

- Gjennomsnittsvekta av rundballar blir auka frå 650 til 750 kg, gitt TS-% < 50%.
- Gjennomsnittleg volum av rundballar blir auka frå 1,6 til 1,7 m³ (diameter 1,30m).
- Som ein konsekvens av førre kulepunkt blir volumvekta justert opp til 441 kg/m³.

Endring av fôrverdien i surför i silo og rundballar som følger av vurderingane ovanfor er lagt inn i tabell på neste side: "Endringsforslag i tabell for fôrverdi av fôrmidler."

Tabell 2: Fôrverdi for fôrmidler

Svært få gardbrukarar dyrkar i dag gras som blir konservert til graspellets som fôr til husdyra sine. Tabellverket skal innehalde fôr som har eit visst dyrkingsomfang, og vi foreslår derfor å ta graspellets ut når ny versjon av Tabell 2 skal lagast.

Ut frå dyrkingsomfang, foreslår vi å ta inn ensilert grønnfôr (eittårig raigras, bygg, havre, vikke, erter, fôrraps) og ensilert heilgrøde av korn som nye fôrmiddel. Kålrot, gulrot, potet og halm vil også gå ut sidan det ikkje blir dyrka på det arealet som forskrifa skal gjelde for.

I gjeldande tabellverk er det ein eigen undertabell for fôrverdi i grassurfôr/rundballesurfôr frå førsteslått, spesifisert etter grasartar og haustetider. Til grunn for fôrverdi i gamle tabell 2, er lagt eit gjennomsnitt på 0,87 FEm pr kg TS, og det ser ikkje ut som det var tenkt på at andre- og tredjeslåttar gjerne utgjer halvparten av årsavling. Vi foreslår at undertabellen blir fjerna og at fôrverdien som ligg til grunn for nye tabell 2, blir justert ned til 0,85 FEm per kg TS. Dette ut frå vår kjennskap til engtypar og tal haustingar per sesong i norsk grovfôrproduksjon.

Endringsforsлага som inneber nye vekstar og endra normer for grassurfôr/rundballesurfôr, er summerte i tabellen nedanfor. Kollonna med «FEm/ kg TS» og «Antatt TS %» er tatt med for å gi bakgrunn for utrekninga av kg fôr per FEm. Antatt TS- % i ensilert ettårig raigras og ensilert grønnfôr er gjennomsnitt for TS i surfôr i silo (grassurfôr) og i surfôr i rundballar. Fôrverdien for høy slik denne var i gammal tabell, ser vi ingen grunn til å endre på.

| Endringsforslag i tabell for fôrverdi av fôrmidler | | | |
|---|-----------|--------------|---------------|
| Fôrmiddel | FEm/kg TS | Antatt TS- % | kg fôr pr FEm |
| Ensilert ettårig raigras | 0,93 | 23,5 | 4,6 |
| Ensilert grønnfôr (bygg, havre, erter, vikke, havre, fôrraps) | 0,85 | 23,5 | 5,0 |
| Ensilert heilgrøde av korn høsta v/deigmodning ¹⁾ | 0,85 | 30,0 | 3,9 |
| Grassurfôr | 0,85 | 22,0 | 5,3 |
| Rundballer | 0,85 | 25,0 | 4,7 |

1) Grovt estimert på grunnlag av oppgitt verdiar for netto energi laktasjon i Norfôr sin førtabell

Forslag til normavlingar

Forslag til normavlingar for «andre grovfôrvekstar» i dei fire gruppene av kommunar som gjort greie for i vedlegg 1 i herverande rapport, er gitt i tabellen nedanfor.

| Foreslåtte normavlinger (FEm/daa) | | | | |
|--|----------|----------|----------|----------|
| Fôrmiddel | Gruppe 1 | Gruppe 2 | Gruppe 3 | Gruppe 4 |
| Ensilert ettårig raigras ¹⁾ | 360 | 490 | 490 | 490 |
| Ensilert grønnfôr (bygg, havre, erter, vikke, havre fôrraps) ²⁾ | 300 | 360 | 360 | 360 |
| Krossa bygg | 270 | 310 | 310 | 310 |
| Kornheilgrøde, høsta v/deigmodning | 435 | 500 | 500 | 500 |

1) Flere høstinger per sesong, heile vekstsesongen er utnytta

2) Ei høsting per sesong, når kornet har skutt

Forslaga over er baserte på ulike forsøksseriar i regi av Bioforsk og Norsk landbruksrådgiving. Det er nettoavlingar som svarar til nettoavlingane ein opererer med i tabell 2 på side 10 i rapporten.

Tabell 3: Normer for fôrbehov til husdyr

Vi har vorte forelagt forslag til forenkling av normer for fôropptak som er baserte på forslag som SLF har mottatt frå Tine rådgiving. Normene skal brukast til å rekne ut fôropptaket på grovfôrarealet med unnatak av innmarksbeite, og ut frå dette avlingane på dette arealet som er fjerna ved beiting og/eller direktefôring («nullbeite») i vekstsesongen. Nærmore bestemt vil dette vere avlingar fjerna ved beiting og/eller direktefôring rekna ut frå det faktiske talet på dyr og tal dagar som gardbrukaren oppgir at dyra har gått på dyrka areal/er direktefôra.

Sjølv om mjølkekyr i produksjon har stor kapasitet til å ta opp beitegrøde (15-20 FEm), blir denne kapasiteten oftast ikkje utnytta ettersom det er svært vanleg å halde dyra inne delar av døgnet og gi konservert grovfôr i tillegg til beite og kraftfôr. Dessutan vil beiteopptaket hos sinkyr være lågare enn hos mjølkekyr i produksjon.

Næringskravet til ei ammeku med kalv vil ligge rundt 7-9 FEm/dag, avhengig av rase og kalvingstidspunkt. Ammekyr på beite får sjeldan eller aldri tilleggsfôring (kraftfôr, konservert grovfôr) og må fylgjeleg dekke så godt som heile næringskravet frå beitegrøda.

På bakgrunn av dette foreslår vi å heve «norma» for mjølkekyr og ammekyr frå 7 til 8 FEm per dag.

Beiting med småfe på grovfôrareaal som ikkje er klassifisert som innmarks- eller utmarksbeite, gjeld i hovudsak sau på vårbeite og haustbeite (håbeite). Beiting med geit på slikt areal har så lite omfang at det etter vårt syn ikkje vil bli rett å la ein felles norm for småfe vere mykje påverka av opptaket hos denne dyregruppa.

Vi har forstått det slik at normene for fôropptak i størst muleg grad bør gjelde for dyreeiningane slik dei går fram av søknad om produksjonstilskott. Produksjonstilskottet for sau blir etter det vi har oppfatta, tildelt per individ over 1 år og individ under 1 år.

Ei søye med to lam vil ta opp 3,0-3,5 FEm per dag på vårbeite (tilnærma 1 FEm per dag og individ), medan eit lam på håbeite vil ta opp 0,9-1,2 FEm per dag (Kvaal-Engstad *et al.* 2009). På håbeite vil opptaket hos søylene vere litt mindre enn opptaket hos lamma. Skal ein gi ei norm per individ uavhengig av alder og kor ein er i sesongen, vil 1 FEm per dag høve. Skulle norma ha dekt ei øyemed lam som ei eining, ville vi ha foreslått eit beiteopptak på dyrka areal på 2,5 FEm per dag.

Forslag til normer for grovfôropptak gjennom beiting /nullbeiting (FEm/dag og individ) på grovfôrareal

| | Mjølkekyr og ammekyrr | Storfe inklusive kviger | Småfe | Hestar |
|-------------------------|--------------------------|-------------------------------|-------|--------|
| Forslag frå Bioforsk | 8 | 3,5 | 1 | 4 |

Referansar

Degerdal *et al.* 2010. Tung ball har sin pris. Bedre Gardsdrift nr. 6/2010, s. 36-46.

Fôrtabellen 2008, Grovfôr til drøvtyggere og hest, forenkla versjon : <http://statisk.umb.no/iha/IHA-Fortab/index.htm>

Fôrtabellen 2009, Grovfôr <http://statisk.umb.no/iha/fortabell/index.php> (Fullversjonen som denne lenka viser til, er ikkje er operativ for øyeblikket).

Haug, L.-A.M. 1995: Volumvekt av surfôr med varierende tørrstoffinnhold. Hovedoppgave i Husdyrbruk-Norges Landbrukshøgskole 1995, 38 s.

Kval-Engstad *et al.* 2009. Innmarksbeite til sau. Temahefte utgitt av Team Sau Nortura og Norsk Landbruksrådgiving, 12 s.

<http://www.lr.no/media/ring/1043/OKE/Tema%20innmarksbeite%20sau.pdf>

NORFOR-Feedtable. http://norfor.info/feedtable_info.asp

TINE 2010, 2011, 2012. Statistikksamling.

<https://medlem.tine.no/cms/s%C3%B8k?q=Statistikksamling>